

## Behandling i Kommunestyret - 26.04.2001:

Samrøystes vedtatt.

## Vedtak i Kommunestyret - 26.04.2001:

### Vedtekter for bruk av Seljord sitt kommunevåpen

SELJORD KOMMUNE		
Saksnr./År	Dok.nr.	
2008/444		
28. 05. 2008		
Ark.kode P	L19	
Ark.kode S		
Avd.	Saksb.	Grad.
	jes	

#### Generelle regler om bruk:

- Som hovudregel kan kommunevåpenet berre brukast av kommunen og kommunen sin administrasjon og kommunen sine institusjonar som eigarmerke og dekorasjon.
- Bruk av våpenet på suvenir for sal eller til marknadsføring av stemne o. l. må godkjennast av ordføraren.
- Våpenet må ikkje brukast slik at det kan oppfattast som privat kjenneteikn, t. d. firmamerke, varemerke, lagemblem o. l.

#### Bruk av våpenskjoldet:

- Våpenskjoldet skal brukast med fargane sine når det ikkje ligg føre særskilt løyve frå ordføraren til anna bruk. På brevark og konvoluttar for kommunale institusjonar og kommunen sine brosjyre og lysingar, kan skjoldet trykkast i svart/kvitt eller i raudt/gult.
- Skjoldet kan brukast som eigarmerke på kommunen sine bygningar, bilar og andre gjenstandar og som dekor på kommunale gåver.
- Skjoldet i fargar kan etter avgjerd av ordføraren brukast til jakkemerke o. l.

#### Bruk av kommuneflagget:

- Kommuneflagget kan brukast ved kommunale bygningar og anlegg. Det kan òg brukast ved flagging på offentlege plassar o. l. ved særskilde festdagar, offentlege besøk, tilskipingar osv.

#### Bruk av våpenet i faner, vimplar m. m.:

- Våpenet kan utførast som bordflagg til bruk som dekorasjon ved kommunale tilskipingar eller som gåve frå kommunen.
- Lag og organisasjonar som er heimehørande i kommunen kan med godkjenning frå ordføraren nytte kommunevåpenet i fanene sine. Våpenet skal i så fall ikkje plasserast saman med laget sitt eige emblem, men aleine på den eine sida av fanen i same fargar som kommuneflagget.

#### Bruk av våpenet i kommunen sine stempel og segl:

- Våpenet kan brukast saman med namnet til etaten eller institusjonen.  
Segl kan framstillast som oblatsegl til bruk på dokument, til lukking av konvoluttar o. l.

#### Utforming og utføring av våpen og flagg:

- Våpenet kan gjevast att i ulike type teknikar og fargar, t. d. plastisk i flatestil, måla, teikna, veva, brodert eller gravert.
- All utføring av våpenet må følgje dei tekniske og heraldiske kvalitetsnormer med rette fargar, former og proporsjonar.
- Det ligg til ordføraren å sjå til at utforming og utføring er korrekt og at desse føresegnene om bruk blir følgde.

*Sjooormen og vatnet*